

Reglar for tildeling av idrettsstipend (vedtatt i KOO-utvalet 05.11.08)

1. Fyresdal kommune kan yte eit idrettsstipend til ungdom som representerar idrettslag eller idrettsorganisasjon i Fyresdal og som er busett i Fyresdal kommune. Dersom ein utøvar må representere eit lag utafor kommunen av di det ikkje er lag innan den aktuelle idretten i bygda kan vedkommande likevel få idrettsstipendet, dersom utøvaren er busett i Fyresdal.

Idrettsstipendet er kvart år på kr. 12.000.- tolv tusen. Heile eller delar av summen kan delast ut.

2. Stipendet kan tildelast idrettsutøvar/utøvarar som kan syne til gode resultat i nasjonale eller internasjonale konkurransar.

3. Stipendet kan gjevast til enkeltpersonar frå og med det året dei fyller 16 år, eller lag.
Stipendet kan delast på fleire utøvarar.

3.1: Stipendet kan og gjevast til eit lag som stimuleringstiltak, på grunn av framifrå arbeid eller god vekst.

4. Stipendet skal nyttast til vidare utdanning og utvikling innan idretten.

5. Stipendnemnd er ordførar, to frå Fyresdal idrettsråd, leiar i Fyresdal skyttarlag og ein frå administrasjonen som rådmannen peikar ut. Ordføraren er leiar i stipendnemnda.

6. Forslag på kandidatar til stipendet sendast nemnda v/leiar innan 15.april.
Stipendet skal kvart år gjerast kjent gjennom kommuneinformasjonen og brev til idrettslaga/organisasjonane og skyttarlaget.

7. Stipendet skal delast ut 17.mai.